

Villkatt

(Tekst: Magnus Buflod 1942 mel.: Knut A. Olsen 1988)

Am E7
Det kom ein framandkatt ein dag,
Am
og smaug seg inn i garden.
E7
Ein villkatt var det - skremd og sky.
Am
Han var nok langvegs - faren.
F G7 C
Ref.: Vi åtte ikkje mjølk å gi.
F G7 E7
Vi fekk han i vår nærleik
Am E7
med vatn på ei kaffiskål
Am
og lite sild - og kjærleik.

No går han ut og inn med oss
nett som eit barn i huset,
og kvilar nøgd i kroken sin
og drikk av kjærleiks - kruset.
-
Eg ser ein tanke vid og stor
i denne villkattferda;
Fekk kjærleik bli vår lokkemat
vi skulle vinne verda.

Historikk: «Villkatt» Utgitt på KAOS forlag - KOLP/KOCD/KOMC-4812 -1988.
NB! Utgitt igjen på CD-4815 «Det har raba igjen....nye og gamle spor» 19. Nov. 2004.

Melodien ble til i januar 1988, etter at jeg hadde, rett før jula i 1987 hørt Ella Madsen fra Arendal lese diktet ved en tilstelning på Arendal Rådhus.

- Diktet hadde hun funnet i Agderposten under krigen i 1942. Diktet er skrevet av Magnus Buflod, f. 20. April 1908 i Trysil. Har gitt ut flere diktsamlinger og har en religiøs grunntone i sitt forfatterskap. På den tida jeg hørte diktet, var Arne Myrdal stadig framme i medialyset angående kampen mot innvandring. Diktet hadde noe i seg som virket i overført betydning. Jeg framførte visa på et folkemøte på Kanalplassen i Arendal med adresse til Arne Myrdal og hans likesinnede. Etter det fikk jeg et brev om at jeg sto på ei likvideringsliste.